



Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 23.11.2020

Vår ref.: 202014806-2

Arkiv: 324

Dykkar dato: 12.11.2020

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Idun Nessestrand Vefring

NVE si uttale - bekkelukking i samband med legging av kommunal vassleidning - GBnr. 330/ 9 - Hestdal - Alver kommune

NVE syner til brev dagsett 19.11.2020. Saka gjeld lukking av eit mindre parti av ein bekk i samband med erosjonssikring for kommunal veg, VA anlegg og EL- grøft. Kommunen begrunnar lukkinga med sikrare og betre handtering av overvatn i området, samt betre tilkomst for bustadhús.

Det er truleg ikkje fisk i bekken grunna vandringshinder nedstraums.

NVE si uttale

NVE skal vurdere tiltaket opp mot §8 i vassressurslova; *Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten.*

Den aktuelle bekken ligger innanfor verneområdet Rylandselva. *Vassdraget sitt velutvikla innsjøsystem er sentrale deler av eit lågtliggande og relativt flatt landskap. Botanikk, landfauna og vassfauna inngår som viktige deler av naturmangfaldet. Verneområdet har også store kulturminneverdier.* NVE har ved bruk av kartløysinga naturbase.no vurdert området, og finn at det aktuelle området ikkje ligg i nær tilknyting til kulturminner, eller truga og/ eller svartelista artar.

Ved bruk av NVE si kartløysing, kan ein sjå at tiltaksområdet ligger under marin grense. NGU sine lausmassekart at området syner at Mulighet Marin Leire ikkje er klassifisert, men at marine avsettingar kan førekome då areal ligg under marin grense. Dersom ein kjem ned i finare materiale, bør arbeidet stoppast og fagpersonell med kompetanse på geoteknikk bør vurdere eventuelle tiltak.

Bekkelukking bør generelt unngåast. Bekker skapar variasjon i landskapet, og mange plantar og dyr er knytt til dei. Bekkane har både grunna vasspegel, og vegetasjon, verdi for både for det biologiske mangfaldet, og for natur- og kulturlandskapet. Vidare bidreg opne bekkar til reduksjon av forureining nedstraums. Opne bekkar gir vanlegvis mindre fare for flaumskadar, av di dei normalt har større kapasitet til å leie flaumvatn enn røyr, og av di dei gir betre mogelegheit til å kontrollere avrenning i flaumsituasjonar.

Om kommunen vel å lukke bekken, er det viktig at alternative flaumvegar er sikra. Tiltakshavar må dokumentere at røyra er tilstrekkeleg dimensjonert, og tiltakshavar må sjå til at det er

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthuns gate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen, 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



alternative, sikre flaumvegar for flaumvatn når røyret går fult, slik at det ikkje oppstår skadar.
Etter vassressurslova §47 kan skadar på andre eigedomar som følgje av feil utforming og/ eller manglande vedlikehald, medføre erstatningskrav.

Vi vil og minne om at lukka bekker krev areal, då det ikkje må etablerast bygg over lukka bekker.

NVE anbefalar at tilrådingane vert dokumentert før eit eventuelt arbeid vert sett i gong. NVE er ikkje førelagt vurderingar på dette i innsendt søknad.

Utover dette vurderar NVE planen slik den er lagt fram, til ikkje å krevje vidare handsaming etter reglane i vassressurslova. Tiltaket må handsamast vidare etter plan- og bygningslova.

Generell informasjon

I vassressurslova kap. 2 er det gjeve ålmenne reglar om tiltak i vassdrag. NVE syner særskilt til tiltakshavar sitt forvaltaransvar og plikt til aktsemd i vassressurslova § 5. Paragrafen gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for ålmenne og private interesser.

NVE gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det syner seg at ålmenne interesser kan verte påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. I slike tilfelle må plan for tiltaket sendast NVE for ny vurdering.

NVE kan med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting for utførte vassdragstiltak som i ettertid vert vurdert som konsesjonspliktige etter vassressurslova. Iverksetjing av konsesjonspliktige tiltak utan naudsynt løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

NVE minner om at tiltaket må avklarast i høve anna relevant regelverk som t.d. plan- og bygningslova og naturmangfaldslova.

Tiltakshavar kan verte ansvarleg for eventuelle skader og ulempar på ålmenne og private interesser som fylgjer av tiltaket, jf. vassressurslova § 47.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Idun Nessestrand Vefring
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

